

## Då Heilag Olav fekk tussen til å byggje kyrkje for seg.



### Versjon 1.

Då Olav den heilage for gjennom seljord, skulle han byggje kyrkje nede på Vallarhaug. Det var ein tusse som skulle byggje ho, og han fekk med seg mange andre tussar. Løni tussen skulle ha, var at når han var ferdig med kyrkja, så skulle Olav veta namnet åt tussen.

Visse han det ikkje, skulle tussen få hjarta åt Olav.

Du kan tru det blei livleg i Seljord! Somme tussar drassa fram material, og somme bygde. Det gjekk fort unna. Snart nærma det seg tidi at kyrkja var ferdig, men enno visste ikkje Olav kva tussen heitte. Og det såg speleg ut for Olav som då kom te å miste hjata sitt.

Kvelden før kyrkja var ferdig, gjekk Olav oppover mot Skorve. Det kom han til å gange framom eit berg, og der hørde han ei som sat inni berget og sulla og song for barnet sitt:

Sullan, sullan lite bån.  
Snart kjem Fing Fong far din,  
Med sol eller måne og kristen manns hjarta  
Til leikur for bånnet.

No visste Olav kva tussen heitte!

Dagen etter kom Olav gangans ned til kyrkja. Tussen stod på taket og sette på spiren. Olav ropa opp til han: ”Spiren stend skakt, Fing Fong.” ”Skakkare ska den bli,” sa Fing Fong. Men så datt han ned av taket og slo seg i hjel. Men Heilag-Olav hadde då berga livet sitt.

Det var på den same turen at Heilag-Olav drog forbi Brunkeberg, og at Olavskjelda spratt fram der han sette staven sin. Såleis lyder i alle fall segni om ho er sann eller ikkje, men det kan ikkje eg avgjera.

(Etter Kjetil Kvaale, Langelim)

### Versjon 2.

Det heiter seg at heilag Olav grunnla kyrkja. Ho er vigd til han. Segnet fortel at ein tusse som heldt til i Bringsås bygde kyrkja for kongen. Men han ville berre bygge kyrkja dersom Heilag Olav klarte å finne ut kva tussen heitte. Greidde han ikkje det, skulle den ikkje brukast til kyrkje. Ein kveld gjekk kongen ein tur opp i Bringsås, og hørde korleis det song i berget:

Byssan, byssan bånnet  
I morgon kjeme Skåne  
Med sol og med måne  
Med Heilag Olavs hovud  
Til leike med fe bånnet

Kong Olav skunda seg ned til kyrkja. Då sat tussen øvst på taket og var nesten ferdig med arbeidet. ”No må du kvelde, Skåne” sa kongen. Med ein gon tussen hørde namnet sitt, datt han ned og slo seg i hel. På nordsida av kyrkja er det ein flekk som det aldri gror gras på. Det er merket etter der Skåne datt ned.